



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3035 - 18/35569

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2018

Godkjenning av seksjonering - gbnr 141/84 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 642/18

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for sameiet BKS1 Lågen, gbnr 141/84, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-4 er bustadseksjonar med lik sameigebrøk- 1/4 kvar. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre. Alle seksjonar har tilleggsareal B som er utvendig sportsbod. Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 141/84 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Mynde:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.



Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7000,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 141/84 i Lindås, med adressene Stølhaugane 1A, 1B, 1C og 1D.

På eigedommen er det gitt igangsetjingsløyve for oppføring av bygg med 4 bueiningar, der kvar bueining skal utgjera kvar sin bustadseksjon. Bygningen har 2 plan og det er 2 bustader i kvart plan. Kvar bueining har eigen ytre inngang med tildelt offisiell adresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre med delelinje midt i bygget og i etasjeskiljet. Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen og utebodar er fellesareal for dei 4 seksjonane. Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet BKS1 Lågen.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser, plassering av seksjonane og uteboder som er tilleggsareal B, samt 6 parkeringsplassar på fellesarealet.
- Planteikningar av 4-mannsbustaden- 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive.
- Vedtekter for sameiet BKS1 Lågen, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for Majo Eigedom AS.
- Grunnboksutskrift for gbnr 141/84.
- Søknaden er sendt inn av Oppgjørs Partner AS men er signert av dagleg leiar i firma som eig eigedommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Majo Eigedom AS
Oppgjørs Partnes AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ